



Uskedelinger som nådde toppen i 14-tida: Dag hermansen, Tor Vidar Sæle, Kristian Bringedal, Janne Yri og Kjell Yri.

**Det var reine valfarten til toppen på Ulvanåso denne fantastiske palmesundagen. Nær 100 nådde toppen på Høgetinden (1.247 meter over havet) og hadde ei oppleving av dei sjeldne.**

Nåso-bestigarane var delt i fleire grupper.

I overkant av 30 var med i Kvinnherad Turlag sin årlege tur, der Kjell Yri var turleiar.

Men minst like mange gjekk turen utan å vera med turlag-gruppa. Og hvis ein tek med dei som var på toppen også seinare på dagen, kjem ein nær 100.



Turleiar Kjell Yri tek ein pust i bakken undervegs mot toppen. (Foto: Kristian Bringedal)

Ein av desse var den kjende og spreke radiologen, tidlegare stortingsrepresentant frå Skånevik Hans Olav

Tungesvik. Vi møtte han på Dyrinda og han rekna med å nå toppen i 17-tida.  
Tungesvik har sidan han var lege på Valen sjukehus på 1960-talet vore på Nâso kvart år.

Av Kristian Bringedal



Ikkje langt att til toppen! Dag Hermansen klâr for den siste etappa.(Foto:Kristian Bringedal)